

Postmottak OED

Fra: Valved Jostein [Jostein.Valved@sor-fron.kommune.no]
Sendt: 19. mars 2003 14:45
Til: Postmottak OED
Kopi: Postmottak KRD; ks@ks.no; webmaster@lvk.no; Eng Aksel
Emne: Uttale til OED: heimfall av off. eigde kraftproduksjonsanlegg



k-12_03 heimfall.doc



k-12_03 saka.doc

Skriv med Sør-Fron kommunes uttale:

<<k-12_03 heimfall.doc>>

Vedlegg: saksframlegget for kommunestyret (8 sider med vedtaket):

<<k-12_03 saka.doc>>

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02 / 2351 - 94	
DATO 20 MARS 2003	
AN 501	EKSP.
Nassdiags-	
reg.	

Vedlegg	1	av:	2
Sak:	02/2351-94		

Sentraladministrasjonen

Økonomiavdelinga

Olje- og energidepartementet

Kopi (som epost):

- Kommunal- og regionaldepartementet
- Kommunenes Sentralforbund
- Landssammenslutninga av vasskraftkommunar
- ordførar Aksel Eng, her

Referanse OEDs skriv 29.11.2002
Arkiv e:\kraft--\k-12_03 heimfall
Dato 19.03.2003
Saksbehandlar Jostein Valved
Direkte telefon 61 29 90 42
epost jostein.valved@
sor-fron.kommune.no

Høringsuttale:

Om forslag til endringar i

industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova

Sør-Fron kommunestyre behandla 27. februar 2003 k-sak 12/02 "HØYRINGSSAK – heimfall til staten for offentleg eigde kraftproduksjonsanlegg" og vedtok samrøystes:

Sør-Fron kommune ser det som tilfredsstillende at olje- og energiministeren nå har besluttet å nedsette et utvalg til en mer grundigere utredning.

Sør-Fron kommune ber om at vår interesseorganisasjon LVK blir representert i det utvalget som skal nedsettes.

Den saken som departementet har igangsatt, gjelder fundamentale spørsmål for det norske samfunn. Norges velferd er i første rekke tuftet på foredling av verdifulle naturressurser, hvor vannkraften historisk står i fremste rekke.

Departementets forslag reiser spørsmålet om hvem som skal eie vannkraftressursen i fremtiden, og hvordan Norge skal hegne om vannkraftformuen, som i dag er antatt å være i størrelsesorden 200 milliarder kroner.

Sør-Fron kommune mener at:

- Forslaget mangler en grundig utredning av de samfunnsmessige konsekvenser av å endre hjemfallsreglene.
- Forslaget er svært mangelfullt vedrørende virkningene for kommune- og lokalsamfunnsøkonomien og ringvirkningene av dette.
- Forslaget mangler en grundig utredning av hvilke konsekvenser for eierstrukturen i kraftforsyningen forslagene vil kunne ha. Herunder spesielt Statskraft sin fremtidige rolle og eierskap.
- Forslaget mangler vurderinger av om og i tilfelle på hvilken måte kraftpriser til forbruker vil bli berørt av de forslag som fremmes.

- Forslaget mangler en grundig utredning av virkningene av ulike hjemfallstidspunkt mht. nasjonal kontroll over vassdragsressursene og erstatningskonsekvenser for de berørte.
- Forslaget mangler en samlet vurdering av i hvilken grad konsesjons- og skattereglene kan sikre staten den nødvendige nasjonale kontroll over avkastningen av vasskraftressursene og den fremtidige vannkraftformuen vår. I den forbindelse vises til Skaugeutvalgets redegjørelse for de problemer den økende internasjonale skattekonkurransen påfører den nasjonale skattepolitikken.

Vedlagt er saksframlegget utan undervedlegg.

Kontaktpersonar i Sør-Fron kommune for saka er **ordførar Aksel Eng**, telefon 61 29 90 04, epost aksel.eng@sor-fron.kommune.no, eller underskrivne.

Med beste helsing

Jostein Valved
økonomileiar
(i administrasjonssjefens tenestefråvær)

HØYRINGSSAK - HEIMFALL TIL STATEN FOR OFFENTLEG EIGDE KRAFTPRODUKSJONSANLEGG ?

INNLEIING

Denne høyringssaka frå Olje- og energidepartementet (OED) er på 90 sider. I tillegg kjem kva KS, LVK o.a. meiner.

Som trykte vedlegg følgjer eit utval av det administrasjonen trur er viktigast med tanke på å informere kommunestyret og gi bakgrunn for ein uttale.

Resten et utrykte vedlegg (ikkje kopiert og sendt ut).

Interesserte kan få dei utrykte vedlegga ved å vende seg til Servicetorget. Dei er også å finne på internett.

Høyringsnotatet finn ein på:

- www.oed.dep.no
- <http://odin.dep.no/oed/norsk/aktuelt/p10002038/p10002039/026001-080005/index-dok000-b-n-a.html>

Bak utgreiinga står eit "interdepartementalt utval".

I samsvar med tilråding frå KS går forslaget ut på:

- Å avvise OEDs forslag utan dermed å ta stilling til spørsmålet om heimfall til staten på vår eigardel i kraftverk (ca. 23% i GE og dermed GEs kraftverk).
- Å krevje ei betre utgreiing, og at partane er med i utgreiingsutvalet.

BAKGRUNN

Utanlandske kapitalinteresser kjøpte i stort omfang opp norske fossefall og kraftverk for hundre år sidan. Det førte til at Stortinget i 1909 innførte heimfall. Sidan 1917 har reglane for heimfall vore i:

- Lov 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. ("industrikonsesjonslova", også kalla "ervertslova").
- Lov 14. desember 1917 nr. 17 om vassdragsreguleringer ("vassdragsreguleringslova").

Ved lovendingar har reglane for heimfall vorte endra noko, men prinsippet frå 1909 og 1917 om at privat eigde kraftanlegg tilfall staten etter ei tid (nå 60 år) har stått ved lag.

"Heimfall" betyr at kraftanlegga tilfell staten vederlagsfritt etter utløpet av konsesjonsperioden. Kraftverk frå før 1909 er fritatt for heimfall, i alle fall om eigaren er den same.

Offentleg eigde kraftverk er fritatt for heimfall. Dei får konsesjon på ubegrensa tid. Som offentlig eigde vert også rekna kraftanlegg eigd av aksjeselskap der minst 2/3 av aksjane er offentlig eigd, og desse eigarane har minst 2/3 av røystene. (Ein konsesjon kan likevel reviderast etter nærare reglar, jf. revisjon nå av konsesjonane for reguleringane av Vinstravassdraget).

ESA (EFTAs overvakingsorgan, forkorting av EFTA Surveillance Authority) finn at denne forskjellsbehandlinga mellom privat og offentlig eigde kraftanlegg er i strid med EØS-avtalen.

Eit interdepartementalt utval er usamd i denne tolkinga, men foreslår likevel endring som imøtekjem ESAs innvending. Olje- og energidepartementet (OED) har sendt utvalets utgreiing og forslag til høyring. I høyringssaka er også tatt med nokre andre endringar embetsverket i OED ønskjer. Høyringsfristen er 31. mars 2003.

I høyringssaka går OED inn for eigarnøytralt heimfall. Endringsforslaget går ut på m.a. at det vert heimfall for alle kraftanlegg etter 75 år. Denne utvida heim-fallsordninga skal gjelde for alle eigarar av kraftanlegg som har kjøpt vassfall etter at konsesjonslovgivinga vart innført i 1909. Fram til i dag har heimfall berre blitt pålagt dei private kraftverkseigarane. Forslaget inneberer ingen endring i gjeldande konsesjonsvilkår for desse private kraftverkseigarane.

"Forslaget medfører at eigedom retten til det meste av norsk vasskraftproduksjon etter ein ny konsesjonsperiode på 75 år blir lagt under statleg styring og kontroll" uttalte olje- og energiminister Einar Steensnæs då saka vart sendt ut. "Eigarskapsnøytralt heimfall tilfører langsiktig nasjonal handlefridom i ressursforvaltninga og bidrar til ein effektiv marknad, samtidig som grunnrenta som oppstår ved utnytting av knappe naturressursar, tilfell fellesskapet". (Pressemelding nr 131/02 frå OED, 28.11.2002).

Departementet foreslår fleire andre endringar i konsesjonsreglene for vasskraftproduksjon.

- Minstegrensa for konsesjonsplikt vert auka. Dette fører til forenklingar for utbygging av småkraftverk.
- Samtidig blir det foreslått å oppheve reglane om forkjøpsrett for staten og fylkeskommunane. Med eigarskapsnøytrale konsesjonsreglar er det ikkje lenger behov for slike særreglar i lovverket, meiner departementet.

Etter at høyringsfristen er utgått, vil OED lage ein proposisjon, som regjeringa tar sikte på å fremme for Stortinget i vårsesjonen 2003.

Sakspapir:

- OEDs skriv 29.11.2002 til "høringsinstansene iflg. vedlagt liste" ikkje-trykt vedlegg
- Vedlegg til OEDs skriv: "Høringssak om forslag til endringer i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven" (90 sider) ikkje-trykt vedlegg
Kapittel 1 - "Sammendrag" (sidene 6-10) er trykt vedlegg ./1
- Kommunes Sentralforbund (KS) skriv 03.07.2002 til OED (6 sider) ikkje-trykt vedlegg
- KS skriv 10.10.2002 til OED (10 sider) ikkje-trykt vedlegg
- KS skriv 24.10.2002 til OED (6 sider) ikkje-trykt vedlegg
- KS skriv 05.12.2002 til "Kommuner - - -" (6 sider) ./2
- Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) sitt "LVK-nytt nr 42/2002 20.12.2002 (5 sider + 1 side vedlegg) ./3

KS i samarbeid med LVK har nyleg hatt to møte om saka (Oslo 6. og Bodø 13. januar 2003). I Bodø blei denne uttalen vedtatt:

Olje- og energidepartementets høringsnotat om endringer i konsesjonslovgivningen - hjemfall.

Hjemfallsordningen er og har vært en bærebjelke i den norske konsesjonslovgivningen for energisektoren. Høringsnotatet omhandler særdeles viktige spørsmål for hele nasjonen og berører enorme verdier både for Norge og for kommunesektoren.

Olje- og energidepartementets høringsnotat etterlater en rekke spørsmål både om innholdet i hjemfallsordningen den offentlige kontroll med norsk kraftforsyning, kommuners erstatningsvern, kommuneøkonomi, og sammenhengen mellom energimarkedet eierstrukturen i markedet og kraftpriser til forbrukerne.

De tilstedeværende finner det uforsvarlig og i strid med utredningsinstruksen å la en så viktig sak bli behandlet på så kort tid og uten et grunnlagsdokument fra et bredt sammensatt utvalg. På den bakgrunn vil de tilstedeværende be regjeringen snarest nedsette et slikt utvalg til en grundig kartlegging av de ulike hensyn og forslag til regler som ivaretar fundamentale nasjonale interesser innenfor rammen av EØS-avtalen.

Saka er også tema for eit LVK-møte i Oslo 13.02.2003, der ordføreren deltar.

VURDERING

Krav om ny og breiare utgreiing

Det er mykje å hefte seg ved i OEDs høringssak:

- "Råkjøret". Det er neppe noko i saka som gjer slik eit slikt hasteopplegg nødvendig.
- Samansetninga av det interdepartementale utvalet, med ein "tung" ekspedisjons-sjef frå OED og meir underordna deltakarar frå andre departement.
- Andre partar enn staten er haldne heilt utanfor utgreiingsarbeidet, og utgreiinga er på departementspremissar.
- Tvilsame slutningar, til dømes om erstatningsretten kommunane har etter grunnlova:

Justisdepartementets lovavdeling: "vil forøvrig ikke utelukke uten videre at - - -"
(punkt 7.4.3, siste avsnitt. Også andre formuleringar gir uttrykk for tvil).

OED: "Etter en samlet vurdering har departementet kommet til at den foreslåtte lovendring kan gjennomføres uten at det oppstår en plikt til å yte erstatning etter Grunnloven til de berørte statsforetak, fylkeskommuner, kommuner og offentlige selskap." (punkt 7.4.8).

- Departementet har tatt med endringsforslag som ikkje har noko med heimfall eller ESAs merknader å gjere.
- Ved at andre forhold enn heimfall er med, har saka vorte unødig komplisert.
- Mangelfull utgreiing av økonomiske konsekvensar på kort og lang sikt.
- Den statlege utgreiingsinstruksen er ikkje etterlevd.
- Det er kritikkverdig at ikkje alle kommunar som kan bli berørt av endringa, om den blir vedtatt, har fått høringssaka til uttale. Oslo, Bergen, Stavanger og 4 kommunar i Indre Østfold er dei einaste primærkommunane som etter høringslista har fått høringssaka frå OED.

Vi trur det er i kommunens interesse å få saka utgreidd betre av eit utval med deltakarar frå berørte partar, og ikkje berre embets- og tenestemenn frå nokre departement.

Dei økonomiske følgjene for kommunane på kort og lang sikt må utgreiast vesentleg betre. På kort sikt kan det føre til prisendring og salspress. OEDs forslag er i statens interesse og til stor økonomisk ugunst for kommunane.

Heimfall eller ikkje?

Når det gjelder hovudsaka, heimfall eller ikkje, for offentlig eigde kraftverk, skriv KS (vedlegg 2, side 3, punkt 2.3.1 a):

KS - - - ser at det er vanskelig å unngå ESAs krav og at endringene derfor er tvingende selv om OED velger å begrunne de på en annen måte.

KS' sentralstyre fattet den 17. juni 2002 prinsippvedtak om å gå inn for en videreføring av hjemfallsinstituttet. Derimot er KS sterkt uenig i OEDs utforming av nye regler om hjemfall.

Av det som er sagt og skrevet om saka hittil kjenner vi berre eit klart politisk utsegn mot heimfall (det er truleg fleire?). Vi viser til fylkesordførar Hans Seierstad sitt debattinnlegg i Gudbrandsdølen Dagingen 29.01.2003. .14

Transaksjonsmodellen

KS går for transaksjonsmodellen. Vi håper at ei ny utgreiing kan finne ei betre løysning. Vi er samde med OED i del av innvendingane mot denne modellen. Den vil vere administrativt innfløkt, uoversiktleg, men kanskje god "advokatmat".

Nedanfor er formulert eit førebels utkast til vedtak (uttale). Etter at ordføraren har deltatt på LVK-møtet 13.02.2003, bør denne truleg vurderast på nytt. Det kan skje i formannskapsmøtet 17.02.2003 og eller i kommunestyremøtet 27.02.2003.

F O R S L A G

Administrasjonssjefen rår formannskapet til å vedta slik

I N N S T I L L I N G

Olje- og energidepartementet (OED) si høyringssak om heimfall m.m. (endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova) omhandlar prinsipielt, kjenslevarer og økonomisk viktige spørsmål for samfunnet og særleg kommune-Norge. Lokalsamfunn har investert og engasjert seg elles i å nytte, eige og forvalte sine naturressursar til varig gode for samfunnet. Etter forslaget skal dette vederlagsfritt tilfalle den sentraliserte statsmakta etter 75 år. Dei andre forslaga i høyringssaka synast også gjennomgåande å vere til gunst for staten og til ugunst for kommunar og lokalsamfunn.

Som part har ikkje Sør-Fron kommune fått saka til uttale frå OED. Gjennom annan høringsinstans har kommunen imidlertid fått tilgang på saka.

Sør-Fron kommunestyre tykkjer utgreiinga som statlege embets- og tenestemenn i hovudstadsområdet har laga, er einseitig. Utgreiinga har m.a.:

- Tvilsame konklusjonar (jf. til dømes OEDs sikre konklusjon i punkt 7.4.8 sett i høve til at Lovavdelinga i Justisdepartementet gir uttrykk for tvil når det gjeld statens erstatningsplikt overfor kommunale eigarar, jf. t.d."- - - vil for-øvrig ikke utelukke uten videre at - - -").
- Svært mangelfull utgreidd verknader for kommune- og lokalsamfunn-økonomien og ringverknadene av dette (utvalet hadde dårleg føresetnad for å greie ut dette).
- Innblanding av andre tilhøve enn heimfall, noko som gjer høyringssaka unødig vanskeleg, uoversiktleg og avsporande frå hovudspørsmålet om lik heimfallsregel for alle kraftanlegg anten dei er privat eller offentleg eigde.

Sør-Fron kommunestyre krev at denne høyringssaka vert avvist. Skal staten få heimfall for samfunnseigde kraftanlegg, må det oppnemnast eit breitt samansett utgreiingsutval der alle partane er representert. Utgreiinga må tilfredsstille dei krav staten har fastsett i utgreiingsinstruksen.

Sør-Fron kommunestyre ber regjeringa ta opp med partane eller deira interesseorganisasjonar mandatet for eit breitt samansett utval til å greie ut korleis heimfallsordninga i Noreg skal tilpassast ESAs krav eller endrast for å unngå slike merknader i framtida.

Hundorp, 5. februar 2003

*Jan Reinert Rasmussen
administrasjonssjef*

*Jostein Valved
økonomileiar*

Behandla i formannskapet i møte 17. februar 2003

Sør-Fron kommune ser det som tilfredsstillende at olje- og energiministeren nå har besluttet å nedsette et utvalg til en mer grundigere utredning.

Sør-Fron kommune ber om at vår interesseorganisasjon LVK blir representert i det utvalget som skal nedsettes.

Den saken som departementet har igangsatt, gjelder fundamentale spørsmål for det norske samfunn. Norges velferd er i første rekke tuftet på foredling av verdifulle naturressurser, hvor vannkraften historisk står i fremste rekke.

Departementets forslag reiser spørsmålet om hvem som skal eie vannkraftressursen i fremtiden, og hvordan Norge skal hegne om vannkraftformuen, som i dag er antatt å være i størrelsesorden 200 milliarder kroner.

Sør-Fron kommune mener at:

forslaget mangler en grundig utredning av de samfunnsmessige konsekvenser av å endre hjemfallsreglene.

forslaget er svært mangelfullt vedrørende virkningene for kommune- og lokalsamfunnsøkonomien og ringvirkningene av dette.

forslaget mangler en grundig utredning av hvilke konsekvenser for eierstrukturen i kraftforsyningen forslagene vil kunne ha. Herunder spesielt Statskraft sin fremtidige rolle og eierskap.

forslaget mangler vurderinger av om og i tilfelle på hvilken måte kraftpriser til forbruker vil bli berørt av de forslag som fremmes.

forslaget mangler en grundig utredning av virkningene av ulike hjemfallstidspunkt mht nasjonal kontroll over vassdragsressursene og erstatningskonsekvenser for de berørte.

forslaget mangler en samlet vurdering av i hvilken grad konsesjons- og skattereglene kan sikre staten den nødvendige nasjonale kontroll over avkastningen av vasskraftressursene og den fremtidige vannkraftformuen vår. I den forbindelse vises til Skaugeutvalgets redegjørelse for de problemer den økende internasjonale skattekonkurransen påfører den nasjonale skattepolitikken.

Votering: Administrasjonssjefens tilråding, mot forslaget fra Aksel Eng. 0 for administrasjonssjefens tilråding, 7 for forslaget fra Eng.

Innstilling: (7 - 0) Som forslaget fra Aksel Eng.

Aksel Eng (AP) Forslag:

Sør-Fron kommune ser det som tilfredsstillende at olje- og energiministeren nå har besluttet å nedsette et utvalg til en mer grundigere utredning.

Sør-Fron kommune ber om at vår interesseorganisasjon LVK blir representert i det utvalget som skal nedsettes.

Den saken som departementet har igangsatt, gjelder fundamentale spørsmål for det norske samfunn. Norges velferd er i første rekke tuftet på foredling av verdifulle naturressurser, hvor vannkraften historisk står i fremste rekke.

Departementets forslag reiser spørsmålet om hvem som skal eie vannkraftressursen i fremtiden, og hvordan Norge skal hegne om vannkraftformune, som i dag er antatt å være i størrelsesorden 200 milliarder kroner.

Sør-Fron kommune mener at:

- forslaget mangler en grundig utredning av de samfunnsmessige konsekvenser av å endre hjemfallsreglene.
- forslaget er svært mangelfullt vedrørende virkningene for kommune- og lokalsamfunnsøkonomien og ringvirkningene av dette.
- forslaget mangler en grundig utredning av hvilke konsekvenser for eierstrukturen i kraftforsyningen forslagene vil kunne ha. Herunder spesielt Statskraft sin fremtidige rolle og eierskap.
- forslaget mangler vurderinger av om og i tilfelle på hvilken måte kraftpriser til forbruker vil bli berørt av de forslag som fremmes.
- forslaget mangler en grundig utredning av virkningene av ulike hjemfallstidspunkt mht nasjonal kontroll over vassdragsressursene og erstatningskonsekvenser for de berørte.
- forslaget mangler en samlet vurdering av i hvilken grad konsesjons- og skattereglene kan sikre staten den nødvendige nasjonale kontroll over avkastningen av vasskraftressursene og den fremtidige vannkraftformuen vår. I den forbindelse vises til Skaugeutvalgets redegjørelse for de problemer den økende internasjonale skattekonkurransen påfører den nasjonale skattepolitikken

Behandla av kommunestyret i møte 27. februar 2003

Vedtak: Som formannskapetets innstilling.
Samrøystes vedteke (18-0).

**Sør-Fron kommune ser det som tilfredsstillende at olje- og energi-
ministeren nå har besluttet å nedsette et utvalg til en mer grundigere
utredning.**

**Sør-Fron kommune ber om at vår interesseorganisasjon LVK blir
repre-sentert i det utvalget som skal nedsettes.**

**Den saken som departementet har igangsatt, gjelder fundamentale
spørsmål for det norske samfunn. Norges velferd er i første rekke
tuftet på foredling av verdifulle naturressurser, hvor vannkraften
historisk står i fremste rekke.**

**Departementets forslag reiser spørsmålet om hvem som skal eie
vann-kraftressursen i fremtiden, og hvordan Norge skal hegne om
vann-kraftformuen, som i dag er antatt å være i størrelsesorden 200
milliarder kroner.**

Sør-Fron kommune mener at:

- **Forslaget mangler en grundig utredning av de samfunnsmessige
konsekvenser av å endre hjemfallsreglene.**
- **Forslaget er svært mangelfullt vedrørende virkningene for
kommune- og lokalsamfunnsøkonomien og ringvirkningene av
dette.**
- **Forslaget mangler en grundig utredning av hvilke konsekvenser for
eierstrukturen i kraftforsyningen forslagene vil kunne ha. Herunder
spesielt Statskraft sin fremtidige rolle og eierskap.**
- **Forslaget mangler vurderinger av om og i tilfelle på hvilken måte
kraftpriser til forbruker vil bli berørt av de forslag som fremmes.**
- **Forslaget mangler en grundig utredning av virkningene av ulike
hjemfallstidspunkt mht. nasjonal kontroll over vassdragsressurs-
ene og erstatningskonsekvenser for de berørte.**
- **Forslaget mangler en samlet vurdring av i hvilken grad konsesjons-
og skattereglene kan sikre staten den nødvendige nasjonale kon-
troll over avkastningen av vasskraftressursene og den fremtidige
vannkraftformuen vår. I den forbindelse vises til Skaugeutvalgets
redegjørelse for de problemer den økende internasjonale skatte-
konkurransen påfører den nasjonale skattepolitikken.**